

Søknad om utskrivning

Skal sendast til rektor ved eleven sin nærskule



Utskriving frå skulen

Eleven sitt namn:	Født:	Elev ved følgjande skule:

Eg/me melder med dette frå til Stord kommune om at barnet mitt/vårt vert meldt ut av skulen i perioden:

Frå _____ til _____ (om sluttdato er klar).

Grunngiving:

Informasjon om reise i perioden barnet er skrive ut (kor og i kva periode varer utanlandsopphaldet?):

Barnet vil i perioden han/ho er skriven ut, få grunnskuleopplæring ved

Offentleg skule. Skulen sitt namn: _____.

Privat grunnskule. Skulen sitt namn: _____.

Privat grunnskuleopplæring i heimen. Namn ansvarleg: _____.

Informasjon til føresette som skriv ut barn frå skulen:

Dersom føresette vel å skriva elev ut, vil eleven per definisjon ikkje vera elev ved skulen lenger. Skulen har ikkje opplæringsansvar for elevar som er skrivne ut frå skulen. Skulemateriell og pc med tilbehør skal returnerast skulen.

Om elev skal starta på ein annan offentleg eller privat grunnskule vil skulen senda melding til ny skule.

Viktige reglar som gjeld for elevar som er skrivne ut til privat grunnskuleopplæring i heimen

- Retten foreldre har til å gi grunnskuleopplæring til egne barn i heimen er slått fast i [opplæringslova § 22-5](#).
- Foreldre har plikt til å melde frå til kommunen dersom dei skal gi barna privat grunnskuleopplæring i heimen.
- Den private grunnskuleopplæringa i heimen skal i følgje [opplæringslova §22-5, 2. ledd](#) oppfylle krava til formålet med opplæringa i [§ 1-3](#), krava i [§ 1-4](#) andre ledd om at opplæringa skal vera i samsvar med læreplanar for fag og [§ 1-6](#) første ledd om fag- og timefordelinga, forbodet mot forkynning i [§ 14-5](#) og krava i [§ 14-7](#) til korleis opplæringa om emna kristendom, religion, livssyn og etikk skal leggjast opp.
- Kommunen skal føra tilsyn med at den private grunnskuleopplæringa i heimen oppfyller krava i andre ledd.
- Når kommunen får melding om at eit barn skal få slik opplæring, skal kommunen opne tilsyn innan tre månader etter at opplæringa tar til. Kommunen kan krevja at barn som får privat grunnskuleopplæring i heimen, tar prøver som kan visa om opplæringa oppfyller krava i andre ledd.
- Dersom opplæringa ikkje oppfyller krava i andre ledd, skal barnet gå på skolen.
- Kommunen har ikkje plikt til å dekke kostnadar til lærebøker og materiell for elevar som har privat grunnskuleopplæring i heimen. Det følgjer ingen rettar til økonomisk kompensasjon frå kommunen med retten til privat grunnskuleopplæring i heimen.
- Elevar som får slik privat grunnskuleopplæring i heimen, har heller ikkje rett til individuell tilrettelegging, særskilt språkopplæring, teiknspråkopplæring mv. Dersom dei føresette meiner at barnet ikkje får eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa i heimen, må dei skriva barnet inn i den offentlege grunnskulen.
- Eleven som mottar privat grunnskuleopplæring i heimen, får ikkje standpunktkarakterar og har ikkje rett til ordinært vitnemål frå grunnskulen. Det er ingen privatistordning ved eksamen i grunnskulen, og elevar som har gjennomført grunnskuleopplæringa si i heimen, kan ikkje ta privatisteksamen i fag på 10. trinn for å få karakterar og vitnemål. I staden skal kommunen skriva ut dokumentasjon på at grunnskulen er fullført.

Søknad om skuleplass / re-innskriving

- Dersom elev er skriven ut av skulen, er det føresette sitt ansvar å skriva elev inn i skulen igjen dersom privat grunnskuleopplæring i heimen skal avsluttast.
- Føresette sender melding til rektor på skulen eleven soknar til (nærskulen).
- Rektor gjer vedtak om tildeling av skuleplass.
- Om nærskulen har kapasitet til å ta i mot eleven, vil elev få tildelt skuleplass ved nærskulen, men elev har ikkje garanti for at han blir plassert i same klasse som tidlegare.

- Om nærskolen ikkje har kapasitet, vil elev bli tildelt skuleplass ved annan skule.

Me/eg stadfestar å ha lest ovanstående informasjon og me/eg overtek heile opplæringsansvaret for eleven i perioden han/ho er utskreven frå skulen.

Stad/dato:

Underskrift frå føresett 1:

Underskrift frå føresett 2:
